

TENESTEUTVALET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 07.10.2009

Møtetid:

Kl. 16:00 –

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.:

028/09 - 036/09

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Torfinn Grav	Krf	Øystein Østervold	Frp
Ronald Persen	Frp	Ingrid Møgster	”
Renate Møgster Klepsvik	”		
Kurt Frank	H		
Ingrid Vågen Duesund	Sp		

Forfall meldt frå følgjande medl.		
Grete Hammervold	Frp	
Helge Otterå	”	
Ingunn Berge Vik	H	
Andreas Risøy	Ap	

Møteleiar:	Torfinn Grav
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Arve E. Sunde og nestleiar Osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Tilleggssak 036/09 Austevoll ungdomsskule – tilrettelegging av garderobar for rørslehemma. Stort.meld. nr. 47 (2008 – 2009) Samhandlingsreformen.
Merknader:	Politisk kvarter vart handsama etter sak 029/2009.
Innkalling:	Ingen merknader.
Diverse:	

Torfinn Grav
Leiar

Ronald Persen

Renate Møgster Klepsvik

Kurt Frank

Ingrid Vågen Duesund

Øystein Østervold

Ingrid Møgster

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
028/09	GODKJENNING MØTEBOK TENESTEUTVALET 29.04.2009
029/09	REFERAT OG MELDINGER
030/09	AVTALE MELLOM AUSTEVOLL KOMMUNE OG AUSTEVOLL ARBEIDSSAMVIRKE A/S OM DRIFT AV ARBEIDSTRENINGSAVDELING.
031/09	SITUASJONEN FOR LEGETENESTA I AUSTEVOLL, NO OG I FRAMTIDA
032/09	BUDSJETTSITUASJONEN FOR 2. HALVÅR 2009 - BARNEVERNET
033/09	BUDSJETTKONTROLL PR AUGUST MND 2009 - HELSE- OG SOSIALETATEN
034/09	AVLASTNINGSBUSTAD - GODKJENNING AV TILBOD.
035/09	POLITISK KVARTER
036/09	AUSTEVOLL UNGDOMSSKULE. TILRETTELEGGING AV GARDEROBAR FOR RØRSLEHEMMA.

028/09: GODKJENNING MØTEBOK TENESTEUTVALET 29.04.2009

Rådmannen si tilråding:

Møteboka frå møte i tenesteutvalet 29.04.2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

Vedtak:

Møteboka frå møte i tenesteutvalet 29.04.2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

029/09: REFERAT OG MELDINGER

Rådmannen si tilråding:

Vert lagt ved møteboka.

Handsaming i møtet:

Det vart lagt ut i møte Sammen drag samhandlingsreformen, helse- og omsorgsdepartementet, St.meld.nr. 47 (2008 - 09).

Helse- og sosialsjefen orienterte kort om St.meldinga og om planlegging/stoda m.o.t. svineinfluensa.

Smittevernlege og leiande helsesøster planlegg for tida vaksinasjon. Vi rekner pr. i dag med at kommunen får dei første vaksinane innan ca 14 dagar. Det er prioriterte grupper som først vil få tilbod om vaksinasjon.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

030/09: AVTALE MELLOM AUSTEVOLL KOMMUNE OG AUSTEVOLL ARBEIDSSAMVIRKE A/S OM DRIFT AV ARBEIDSTRENINGSAVDELING.

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre godkjenner det nye avtaledokumentet frå Austevoll Arbeidsamvirke AS vedkomande AT – avdelinga.

Handsaming i møtet:

Framlegg til endra pkt. 4 i forslag til kontrakt:

”ASV vil til ei kvar tid ha ein fagperson med 3-årig helse-/sosialfagleg høgskuleutdanning i bedriften som kan ivareta det faglege innhaldet i avdelinga.

Tilrådinga med framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner det nye avtaledokumentet frå Austevoll Arbeidsamvirke AS vedkomande AT – avdelinga med følgjande endring i pkt. 4 :

”ASV vil til ei kvar tid ha ein fagperson med 3-årig helse-/sosialfagleg høgskuleutdanning i bedriften som kan ivareta det faglege innhaldet i avdelinga.”

031/09: SITUASJONEN FOR LEGETENESTA I AUSTEVOLL, NO OG I FRAMTIDA

Rådmannen si tilråding:

Spørsmålet om styrking av legetenesta vert å vurdere i budsjett- og økonomiplansamanheng.

Vedtak:

Spørsmålet om styrking av legetenesta vert å vurdere i budsjett- og økonomiplansamanheng.

032/09: BUDSJETTSITUASJONEN FOR 2. HALVÅR 2009 - BARNEVERNET

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre løyver kr 600.000,- som tilleggsløyving til barneverntenesta.

Løyvinga vert dekkja ved tilsvarande reduksjon i avsetjing til nedbetaling av tidlegare oppsamla underskot.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre løyver kr 600.000,- som tilleggsløyving til barneverntenesta.

Løyvinga vert dekkja ved tilsvarande reduksjon i avsetjing til nedbetaling av tidlegare oppsamla underskot.

033/09: BUDSJETTKONTROLL PR AUGUST MND 2009 - HELSE- OG SOSIALETATEN

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram for drøfting utan tilråding.

Vedtak:

Tenesteutvalet tek rapporten til orientering.

034/09: AVLASTNINGSBUSTAD - GODKJENNING AV TILBOD.

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommune inngår kontrakt med Stangeland Gjestegard v/Oddvar Stangeland for kjøp av teneste – avlastningsplassar til barn.

Rådmannen får fullmakt underteikna kontrakten.

Vedtak:

Austevoll kommune inngår kontrakt med Stangeland Gjestegard v/Oddvar Stangeland for kjøp av teneste – avlastningsplassar til barn.

Rådmannen får fullmakt til å underteikna kontrakten.

035/09: POLITISK KVARTER

Rådmannen si tilråding:

Vert lagt ved møteboka.

Handsaming i møtet:

Spørsmål frå Renate Møgster Klepsvik:

Eg syner til sak 140/08 i kommunestyret 15.12.2008, der det vart vedteke at ein skal undersøkje muligheten for drift av skulebiblioteket gjennom avtaler om elevdrift og ved at Austevoll idrettsråd står for drifta. Dette var viktige punkt som skulle sikra opningstider også for publikum.

Eg ber om at tenesteutvalet får ei orientering om kva henvendinger som er gjort i denne saka og kva som er status i saka.

Svar frå rådmannen:

Rådmannen vil gje skriftleg tilbakemelding.

Spørsmål frå Torfinn Grav:

Status konsulentrapport – økonomisituasjonen innan helse- og sosial.

Status for behov for støttekontakter.

Svar frå rådmannen:

Konsulentrapport - vil bli lagt fram sak i kommunestyre 22. oktober 09.

Svar frå helse- og sosialsjef Arve Sunde:

Støttekontakter – må koma attende til saka.

Spørsmål frå Øystein Østervold:

Brukerstyrt personleg assistent – brukarane må betale eigenandel for dette med opptil

kr. 1500,- pr. mnd. Fleire av desse brukarane har uførepensjon som inntekt.

I Bergen kommune er dette gratis.

Svar frå helse- og sosialsjef Arve Sunde:

Det vert nytta same eigenbetalingssatser for brukerstyrt personleg assistent som for praktisk bistand i heimen. Eigenandel vert rekna ut etter husstanden si samla inntekt.

Svar frå rådmannen:

På grunn av den dårlege økonomien må kommunen nytte eigenbetaling maks for å få inntekter til kommunen.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

036/09: AUSTEVOLL UNGDOMSSKULE. TILRETTELEGGING AV GARDEROBAR FOR RØRSLEHEMMA.

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å gå for alternativ 2 med tilrettelegging av garderobe for funksjonshemma i underetasjen ved symjehallen.
2. Kommunestyret vedtek at kostnader til investering på inntil kr skal dekkast av fond for sal av bustader/kommunal eigedom .

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å gå for alt. 3 med tilrettelegging av garderober for funksjonshemma i del av mediateket ved symjehall.
2. Kommunestyret vedtek at kostnader til investering på inntil kr skal dekkast av fond for sal av bustader/kommunal eigedom .

